

NVE

Innsendt dato: 09.05.2016

Referansenummer: AZCNEI

## Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201004731
Sakstittel	Nonstadgilet kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Ole Jakob Nese
Telefon	46133110
Adresse	Eksingedalsvegen 775
Postnr	5728
Poststad	Eidslandet
E-post	vembi@hotmail.com

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	<p>Vedr Nonstadgilet kraftverk - Blåfall AS</p> <p>Me 3 grunneigarar står samla bak søknaden. Dette har vore ein prosess som har teke mykje tid, so me vonar dette no omsider kan verte realisert.</p> <p>Ei utbygging av denne elva/fossen ser me på som positivt for å oppretthalde busetnaden på garden. Ein vil her få ei inntekt som grunneigar, og i ei tid der landbruket er prega av "nedbygging" vil dette vere til stor hjelp for utgifter til vedlikehald og vidare utvikling av eigedommane.</p> <p>På garden Nese er det i dag kun busetnad på eitt av 4 bruk (2 bruk har same eigar). For min del kan ei slik utbygging føre til at det vil verte lettare å halde både bygningar og kulturlandskap i stand også i framtida. Jorda er vekklegd, så ein har per i dag ingen inntekter på sjølve garden.</p> <p>Andre faktorer som spelar inn er :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- avstand til kraftverk. Plassert på andre sida av Nesvatnet, ligg i bra avstand frå bustadane.</li> <li>- Bekken som renn ned frå Nonstadgilet (v/inntaket) er stort sett heilt tørrlagt anna enn ved snøsmelting om våren, og ved mykje nedbør (vanlegvis hausten).</li> </ul> <p>Det visuelle vil difor i lita grad verte skadelidande ved ei slik utbygging.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I søknaden står det at ein vil etablere ATV-veg frå kraftstasjon og opp til inntaket. Dette finn me positivt som grunneigarar, då ein her kan få tilgang til ein del av eigdommen som ellers er vanskeleg å nå. Dette området vert i scært liten grad nytta som friluftområde av turgåarar/jegrar.</li> <li>- Det er ynskjeleg at stasjonen vert isolert godt for å minske støy. I og med at plasseringa av denne er så langt frå bustadane, ser me eigentleg ikkje på dette som noko stort problem.</li> <li>- Kraftstasjonen vil vere lett tilgjengeleg frå skogsveg som passerer denne, så ein får ikkje eit slikt inngrep i tillegg.</li> <li>- Det har vore diskutert mogleg engasjement av lokal oppsynsmann for kraftverket. Dette finn me svært positivt.</li> </ul> <p>Sidan andre (ma BKK) overtok mesteparten av dei eksisterande fallrettane i området før 1920, ser me det som positivt at me som grunneigarar her kan få utnytte uselde fallrettar sjølv.</p> <p>Venleg helsing Ole Jakob Nese på vegne av grunneigarane på gnr 56 Nese i Eksingedalen. -</p>
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt

Vedlegg av bilete og kart